

I sin fars fotspor.

31.08.2015



Medaljesamlinga til løytnant Bugge med mellom anna Sankt Olavs orden med Eikeløv

Ein kjend person i krigshendingane i Herøysundet/Uskedalen aprildagane 1940 var løytnant Bugge. Saman med kaptein Ulstrup og kaptein Hauge var han sentral i organiseringa og gjennomføringa av motstanden og kampene 18. – 20. april. Sven Bugge, son til løytnant Bugge, var søndag saman med kona si på besøk i Uskedalen.



Sven Bugge jr., son til løytnant Bugge, ved revolverkanona på Myklebust kai

Trond Ramsøy og Kristian Bringedal tok dei med på ei synfaring frå Trones i sør, der tyske styrkar vart sett i land, til Dimmelsvik i nord. Det var lagt inn stopp i Herøysundet, Klype, Myklebust kai, Skårhaug, Beinavikjo, Ljosnes og Dimmelsvik kai.

Sven Bugge var godt nøgd med det han fekk sjå og høyra. Han fekk mykje ny kunnskap om far sin. Noko har han høyrte. Mykje var nytt og no fekk han sjå landskapet og plassane der far hans opererte desse dagane før han førte lastebåten TINDEFJELL til Eide i Hardanger og var med på kampane ved Fossen Bratte i Kvam. Kvam står på programmet i dag, mandag, og Trond Ramsøy saman med leiar for Bergenshus museum vil syna Bugge plassane der far hans var aktiv.

Ved eit seinare høve vil Bugge koma attende til Uskedalen, då saman med bror sin, barn og barnebarn.